

Referat frå samling i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap

Kongsvinger 28. - 30. august 2013



Ekskursjon Abborhøgda

 HØGSKULEN I
SOGN OG FJORDANE




DE HEIBERGSKE SAMLINGER
SOGN FOLKEMUSEUM

Deltakrar:

| Namn | | Institusjon |
|---------------|---------------------|--|
| Bjørn | Bækkelund | Hedmark fylkesmuseum AS avd. Norsk Skogmuseum |
| Bodil | Dago | Sør-Varanger museum |
| Dordi Kjersti | Mogstad | Direktorat for naturforvaltning |
| Even | Nystu | Sverreborg |
| Ingun | Aastebøl | Hedmarks fylkesmuseum AS avd. Kvinnemuseet - Museene i Glåmdalen |
| Jan-Arve | Lund | MiSF avd. De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum |
| Jorunn | Engen | Hedmarks fylkesmuseum AS avd. Kvinnemuseet - Museene i Glåmdalen |
| Kari | Sommerseth Jacobsen | Hedmarks fylkesmuseum AS avd. Kvinnemuseet - Museene i Glåmdalen |
| Kjetil | Monstad | Havrå |
| Knut Ola | Storbråten | Hedmarks fylkesmuseum AS avd. Kvinnemuseet - Museene i Glåmdalen |
| Kristina | Bjureke | Naturhistorisk museum, UiO |
| Leif | Hauge | Høgskulen i Sogn og Fjordane |
| Magne | Viken | Havrå |
| Maja | Frønes | Surnadal museum/Nordmøre museum |
| Mari | Marstein | Gamle Hvam museum |
| Marie | Pettersson | Musea i Sogn og Fjordane |
| Marit | Adelsten Jensen | Havrå |
| Mona | Holm | Hedmarks fylkesmuseum AS avd. Kvinnemuseet - Museene i Glåmdalen |
| Mons | Kvamme | Lyngheisenteret |
| Ragnhild | Hoel | Riksantikvaren |
| Stig | Hoseth | Hedmark fylkesmuseum AS avd. Norsk Skogmuseum |
| Sven Ove | Hojem | Sverreborg |
| Tor | Granerud | Nes Jernverksmuseum |
| Torkil | Ausel | Nes Jernverksmuseum |
| Tove | Mostrøm | Havrå |



Første dagen var vi i dei nye lokala på Gyldenborg, rett nedanfor festningen i Kongsvinger.

Oppmøte og «Harry-lunsj» på Gyldenborg

Med svenskegrensa så tett ved hadde Kvinnemuseet vore ein snartur til Sverige og handla inn til lunsj for dei tilreisande.

Velkommen ved Knut Ola Storbråten, Kvinnemuseet og Marie Pettersson, koordinatør for nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap.

Presentasjonsrunde

Alle deltakarar presenterte seg sjølve og fortalte litt kva dei jobba med for tida. I samband med dette fortalte Mari Marstein (Akershusmuseum) om eit hefte som dei har gjeve ut: «*Kjerringstakk og silkeserk – tradisjonsrike stauder i Gamle Hvams hage*». Det er trykt med støtte frå Landbruks- og matdepartementet, Norsk Genressursenter og Akershusmuseum. Alle institusjonar på nettverkssamlinga fekk kvar sitt eksemplar.

Nytt frå Nettverket

- I april vart det arrangert eit arbeidsseminar om «*Etablering og skjøtsel av slåttemark på museum*» ved De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. Det var kort orientert om innhaldet på arbeidsmøtet med ein diskusjon om ein skal jobba vidare med eit prosjekt på dette temaet innafor nettverket. Det vart ikkje høve til dette i år, men ein vurderer om ein utarbeider ein søknad i 2014.
- Det var stilt spørsmål om det var nokre konkrete tema deltakarane ynskte å arbeida med dersom det var moglegheit for nettverket å søkja nye midlar til neste år. Her vart ein oppfrordra til å sende inn

idear på mail til Marie Pettersson i etterkant.

- Kort orientering om felles samling i februar for alle som drifta museumsnettverk i regi av kulturrådet . Som bakgrunn låg rapporten «Vurdering av de faglige museumsnettverka», ein evalueringsrapport som vart laga i 2011.
- *Lauvbrukboka* Leif Hauge, Høgskulen i Sogn og Fjordane, orienterte om eit tidlegare nettverkesprosjekt som i løpet av året endar opp som bok.
- Prosjektet *Norgesgården* som seks museum i nettverket har jobba med i litt over tre år er avslutta for denne omgangen. Sluttrapport er sendt inn til Kulturrådet. Eit av produkta frå dette prosjektet var eit spesialnummer i det historiske tidsskriftet «Heimen». Alle som ynskte det fekk kvar sitt eksemplar.
- Neste års samling vert på Maihaugen

«Høyring om standard for forvaltning av levande samlinger i museer» v/ Mari Marstein, Akershusmuseet

Ei gruppe i nettverket har i lag med kulturrådet vore med i arbeidet for å ta fram ein standard for forvaltning av levande samlinger på museum. Utkastet er ute på høyring med frist for innspel 27. september. Mari fortalte litt om arbeidet og gjekk igjennom dei viktigaste punkta i høyringsframlegget.

Miljøforvaltninga sitt arbeid med kulturlandskapsverdiar i dag – utvalde naturtypar, skjøtsel og behovet for tradisjonell kunnskap v/ Dordi Kjersti Mogstad, Miljødirektoratet

Dordi gav ei kortfatta innføring i miljøforvaltninga sitt arbeid med kulturlandskap. Utgangspunktet har vore biomangfald. Det er viktig å sjå ein heilskap med ulike kulturmarkstypar. Mosaikk gjev artsmangfald. Ein har sett behovet for ikkje berre å raudlista artar, men også heile naturtypar.

Naturmangfaldslova er eit viktig verktøy i miljøforvaltninga. Med heimel i den har ein jobba med «utvalde naturtypar». Ein har valt ut nokre truga naturtypar og utarbeider handlingsplan for desse. Slåttemark er alt vedteken som utvalt naturtype. Siste året er det jobba mykje med haustingsskog og kystlynghei, der eit høyringsframlegg var ute hausten 2012.

For å ta vare på kulturmarkstypar er det trong for å gå på tvers av kunnskap. Det er eit samarbeid mellom miljø-, kulturminne- og landbruksforvaltning. Tradisjonell og erfaringsbasert kunnskap er viktig for å forvalte kulturlandskap på rett måte.

Musea og fagmiljø innanfor kulturhistorie er viktige samarbeidsparter. Gjennom fortsatt hevd av verdifulle kulturmarker på museum, kan ein ta vare på både biologisk mangfald og kunnskapsgrunnlaget, ikkje minst den erfaringsbaserte kunnskapen. Formidlingsdelen er også viktig.

«Framtid med fotfeste» - ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken v/ Ragnhild Hoel, Riksantikvaren

Stortingsmeldinga vart lagt fram i april 2013. Meldinga inneheld statusoppdatering per januar 2013 og

tydeleggjer kva utfordringar som står att for å nå dei 2020- måla som vart sett opp i forrige stortingsmeldinga for kulturminnepolitikken, *Leve med kulturminne(2004-2005)*. Den nye meldinga opprettheld ambisjonsnivået, men kulturlandskap vert likevel litt usynleg.

Gjennomgåande utfordringar for å nå 2020- måla er:

- 1) Langsiktig bevaring, der kulturmiljøfreding er eit viktig stikkord.
- 2) Vern, bruk og utvikling. Verdiskaping er eit nøkkelord, og samarbeid med museum er her naturleg.
- 3) Kunnskap og kompetanse. Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltning er eit prosjekt som har som mål å utvikla gode register, rapporterings- og sakshandsamingsverktøy. Samarbeidet med museum går mykje på bygningsarven, men kulturlandskap er på lik linje.

«Kultur- og naturreise» - prosjekt med Verdensarv-konvensjonen for vern av verda sin natur- og kulturarv har stor oppsluttnad over heile verda. Noreg har 7 verdensarvområde og har som mål om å vera eit fyrstårn for å utvikla den beste praksisen innan natur- og kulturminneforvaltning. Det er difor eit tett samarbeid mellom natur og kultur.

Regjeringa vil i «Kulturløftet 3» styrka og vidareføra dei tradisjonelle kulturuttrykka. Kulturrådet har difor opna ei mailadresse for alle som ynskjer å ha innspel på kulturuttrykk til ei raudliste. rodlista@kulturrad.no

Kulturlandskap og hagehistorie,
Nordmøre museum v/ Maja Frønes

Nordmøre museum er eit konsolidert museum med mange avdelingar. Fleire av dei arbeidar med kulturlandskap:

Norsk myrmuseum på Smøla formidlar om myra som biotop, historia om nasjonsbygging frå 1930 og i tillegg til utstillingane inne har dei ein natur- og kultursti.

Tingvoll museum er ein autentisk gard med mykje utmark. Dei har i mange år jobba med kulturlandskap, og det er laga ein skjøtselsplan som ligg til grunn for arbeidet på garden. Det er mange frivillige som stiller til skjøtselsdugnad, og det er mange unge folk blant desse.

Har samarbeid med skular, og det er laga Ijå i barnestorleikar. Tingvoll museum er også med i den «Naturlege skulesekken» der dei gjer unge medvitne om korleis dei nytta ressursane i naturen tidlegare, korleis det er vorte endra og konsekvensane av dette.

Svinviks arboret i Todalen er ein privat hage som vart testamentert til NTNU, men som no Surnadal kommune eig og Surnadal museum driftar. I arboretet vert det fortelt hagehistorie. Rhododendron, bartre og frukthage er der i dag. Det er planar om å restaurere den tidlegare staudehagen.

Arbeid med kulturlandskap,
Lyngheisenteret på Lygra v/ Mons Kvamme

Lyngheisenteret er eit kompetanse-senter for vern av kystlynghei gjennom aktiv drift. 27 bygningar er sette i stand, 2 km steingard og ein gravhaug er rydda fram. Det er òg lagt til rette

med eit stisystem i området ved senteret.

Skjøtselen av lynchheia på Lygra er eit samarbeid med lokale bønder. Villsau, kystgeit og kyr beitar området. Lynchheia vert også slått.

Trugslar for lynchheia:

- Landbruk (mindre utmark, skogplanting, oppdyrking, overflatedyrking)
- Moderne samfunnsutvikling (nedbygging, nitrogen i lufta)
- Klimadiskusjonar (skogplanting)

Konsekvensar:

- Reduserte beitetilhøve
- Tap av biomasse
- Tap av kulturarv og opplevingsverdi
- Redusert tilkomst
- Auka risiko for ukontrollerbare villbrenner.
- Mindre tal fuglar, m.a. orrfugl og sanglerke.

Landskapsendringar i et musealt perspektiv v/ Oskar Puschmann, Skog og Landskap

Oskar Puschmann har i ei årrekkje jobba med å fotografera landskap og endringar i dette. Landskapet kring oss er i stadig endring, og det er fort å gløyma korleis det ein gong var. Det er difor viktig å vera presis i metoden. Ved å dokumentera vil ein forlengja «manns-minnet».

Autentisitet har vore viktig i bevaringsstrategien dei siste åra. Helst skal bygningar, kulturlandskap o.l. bevarast på sin opphavlege stad. Puschmann stiller spørsmålet om det er realistisk. Har vi moglegheit å gjera det,

eller er det betre å gå attende til friluftsmuseum? Bevaring krev kontinuitet, tradisjonelle driftsformar m.m. og kan vi forventa det i framtida? Det er spørsmål om ressursar. Færre bønder gjer at bonden sluttar med skjøtsel. Ein generell trend er at hus utanfor tunet forsvinn.

Vi må ha ei langsiktig tenking for bevaring. Biomangfaldslova er eit verktøy til bevaring, men manglar back-up.

Det vil vera umogeleg å ta vare på alt landskap. Ein må ta eit val. «Utvalde kulturlandskap i jordbruket» er eit døme der ein har gjort eit utval og tenkt heilskap med økonomiske midlar og ansvarsfordeling.

På oppdrag frå Riksantikvaren har Skog og Landskap laga ein metode for Langtidsovervaking av freda kulturminne: Ein måte er å bruka både flyfoto og bakkebilete for å følgja med på kulturmiljøet og endringar i dette.

Kongsvinger festnings historie, Øvrebyen og Kongsvinger v/ Kari Sommerseth Jacobsen, Kvinnemuseet – Museene i Glåmdal

Før middagen fekk vi ei historisk vandring i Øvrebyen der vi fekk oppleve delar av det gamle bygningsmiljøet og historia til Kongsvinger.





Velkomst til Abborhøgda med heimebakte kaker.

I bussen på veg til Abborhøgda fekk vi orientering om bygdene vi reiste igjennom m.a. Storgardene ved Vingersjøen, Skinnarbøl og eit skulemuseum.

Abborhøgda

Abborhøgda er eit finnetorp med eit nesten intakt bygningsmiljø og eit dokumentert høgt biologisk mangfald.

Birger Nesholen frå Norsk Skogfinsk museum gav ei innføring i svedjebruk og finnekulturen. Skogfynnane kom frå Savolax via Sverige tidleg på 1600-talet.

Skogfynnane hadde ein annan sosial struktur enn området dei kom til med heller ein klanstruktur enn eit tradisjonelt gardsbruk. Det var trong for meir mannskap til hogging, brenning o.l. Dei eigde ikkje jord, men flytta dit resursane

fanst. Trass eit tilsynelatande nomadeliv hadde dei ei langsiktig tenking og håpte å bu på ein stad i fleire generasjonar. Då var det viktig å ha mykje granskog kring seg.

I svedjebruket hogg ein eitt år, lot virket turke i 1-2 år før ein kunne brenne. I oska sådde ein så svedjerug. Det er ein toårig art som vart hausta det andre året. Rugen treng ny næring og nytt oskelag kvart år. Svedjebruket gav svært store avlingar, 20 gonger større enn det den norske bonden fekk. Skogfynnane var såleis eit heller rikt folk.

Trass lov om at det var forbod om å driva svedjebruk på andre sin grunn, var det mange som heldt fram med dette. Det viser att i protokollar frå rettargangar.

Skogfynnane tok med seg kulturen sin; byggeskikken, den immaterielle kulturen,

sjamanismen m.m. Det var fyrst frå 1880-åra at ein byrja å fjerna seg frå dei finske tradisjonane. Spesiell byggjeskikk var: røykstova, badstova og ria.



Alt som kan lagast, vert reparert.

Åge Sørmoen frå Austmarka historielag kjente dei siste som budde på Abborhøgda og fortalte om historia herifrå. Plassen vart busett i 1770 åra og vidare i fem generasjonar. Ved folketeljinga i 1865 budde det elleve personar på plassen. Dei fødte 1 hest, 4 kyr, 8 sauer og 5 geiter, sådde ½ tønne bygg, 1 ½ tønne blandakorn, 2 tønner havre og sette 4 tønner poteter. Den siste brukaren flytta i 1986. Han hadde mange gode anekdotar frå Abborhøgda som han delte med nettverksgruppa.

Det er Statens skogar som eig Abborhøgda i dag, men har leigeavtale med Kvinnemuseet. Dei siste åra har dei bidrege med restaurering av m.a. den verneverdige gamle låven. Historielaget er med å slå området ein gong i året.

Almenninga

På Almenninga vart vi inviterte på lunsj og *Jorunn Engen* fortalte om plassen.

Almeninga er fyrste gong nemnt i 1394 og det budde folk her fram til 1980 då det vart museum. Fyrst var det skulemuseum og sodan 2001 som bygdetun. Det har ca. 20 hus og anlegg knytt til museet. Det er

eit økomuseum og målet er at eit besøk hit skal følast som å koma heim.

Inne er det tidsrett møblert og i nokre bygningar er det utstillingar. Ute er det rekonstruert ein hage med tradisjonelle stauder frå Austlandet. Det finst også epletre og bærbuskar. Ein slår der besøkande går, men mindre parti er skjøtta som naturlege blomsterenger.

På sommaren er det dyr på tunet, gjerne med tradisjonelle raser. Gamalnorsk spelsau vert lånt frå ein bonde. Griser vert kjøpte inn og slakta om hausten. Elles er her høner og ein trønderkanin.



Kaffi i hagen på Almenninga

Børli, Hans Børli sin barndomsheim

For å koma i rett stemning vart det lese dikt og sunge songar på bussen på veg til Hans Børli sin barndomsheim.

Børli er ein finneplass som vart matrikulert på 1800-talet. I dag er det eigd av Stangeskovene AS. Eidskog Museum er med i styret for dette selskapet og har eit kulturvern-ansvar. Det er laga to skjøtselsplanar for området. Ein for landskapet og ein for attverande bygningar (bustadhuset er brunne ned).

Steinar Velten, Solør- Odal Landbruksrådgiving fortalte at ein byrja med slått i 2008, og at fylkesmannen tok initiativ til utarbeiding av ein skjøtselsplan. Nokre år tidlegare registrerte ein botanikar

området med funn av m.a. solblom og brudespore.

Området vert slege i juli/august. Dei let høyet liggje eit par dagar før det vert fjerna. Delar av området er bratt og vanskeleg å slå.

Attgroing er eit problem, men ein prøver å opna opp og attskapa eit landskap som Børli hadde kjent seg att i.

Sverre Eier, Hans Børli-selskapet, fortalte om diktaren Hans Børli, om livet og verket hans, og ikkje minst korleis dei formidlar diktarkunsten hans. På Børli er det kulturarrangement som trekkjer folk frå heile Sør-Noreg. På området går også ein sti med dikt.



Børli

FREDAG 30. AUGUST

tema: Historisk- og nolevande landbruksnæring

På bussreisa til Skålebergsætra fekk vi igjen god orientering om plassar vi reiste forbi; Odalsverk, Hamargård, arkeologiske utgravingar i samband med bygging av E16, Oppstaå m.m.

Skålebergsætra

Stølsdrift i skog er lite kjent, men utmarka vart brukt til beite om sommaren. I Nord-Odal var det vanleg med stølsdrift heilt fram til 1960-talet, slik også på Skålebergsætra. Stølstida var frå tida rundt St. Hans og fram til september.

I 2007/2008 vart det inngått ein leigeavtale for 35 år av Søndre Skålebergsætra og Odalstunet byrja eit prosjekt med å rydda areal og restaurera bygningar på setra. I 2013 var her på ny drift med produksjon av rømme og smør. Stølinga varte i ein månad og ein hadde 450 besøkjande.

Det har truleg vore støl her sidan 1700-talet. Størhuset på vangen er frå slutten av 1800-talet. Tidlegare var det dessutan tre fjøs og tre løer på vangen. I dag er det stølshuset og søstufjøset som står att. I tillegg er det oppført eit eige hus for å foredla mjølka etter krav frå mattilsynet. Det er også planar om å oppføre ei løe.

Stølsområdet var attgrodd med skog, ein har no hogge ned og opna opp området og vegetasjonen har endra seg mot slik den var tidlegare. Vangen har ein delt i to; eitt område som vert slått og eitt som fungerer som nattbeite til kyrne.



Skålebergsætra

Bakken gård

Samlinga vart avslutta på Bakken gard der *Borghild Glorvigen*, Norsk landbruksrådgiving, gav eit innblikk i det moderne jordbrukslandskapet. Vi er i «Norges største potittland», Solør-Odal dyrkar 37 % av Noregs poteter. Bakken gard dyrkar 75 daa og er rekna som ein liten potetgard. Det vert dyrka ulike sortar etter kva dei skal brukast til.

På Bakken gård har også ein «kjone», eit hus med liknande funksjon som bastu , men som også vert brukt til røyking, tørking av lin, korn og avlusing av feller. I Odal vert den og brukt til røyking kjøtt. Ein steinomn vart oppfyrt nede i kjellaren, det som skulle tørkast hengde ein i andre høgda. Ofte var einer brukt til fyring. Kjone er kjent heilt attende frå vikingtida.



Moderne landbruk